



Voss og omland LOP

Lokallag for : Ulvik, Vaksdal og Voss
under

LANDSFORBUNDET FOR OFFENTLIGE PENSJONISTER

Internett adresse: www.lop.no

Årsmelding 2024 for Voss og omland LOP

Styret for 2024:

Leiar: Gunnvor Børsheim Lindland
Nestleiar: Torunn Langmyhr Ringheim
Kasserar: Terje Pedersen
Skrivar: Knut Farestveit
Styremedlemer: Astrid Holtekjølen, tur og teaterkontakt
Asle Nesheim
Annlaug Stalheim

Varamedlemer: Ingebjørg Reisæter Skorpen
Agnar Lundblad
Einar Horvei

Revisor: Ola Folkestad, vara Klara Skaare Laupsa

Valnemnd: Astrid Skiple
Oddvar Skjefstad
Inger Birkeland

Vara: Ragnhild Mølster Lidal

Medlemstal.

Ved utgangen av 2024 har laget 177 medlemer, mot 189 året før.

Det er kome til 14 nye medlemer og 26 medlemer har meldt seg ut.

Årsak til utmelding er for ein god del høg alder og/eller sjukdom/død,

7 har ikkje betalt kontingent og fell då ut av medlemslista.

Det er 2 medlemer frå Ulvik, 2 frå Vaksdal og dei resterande 173 frå Voss.

Styremøte

Styret har hatt 6 styremøte og handsama 37saker. Det har vore kommunikasjon gjennom året via telefon, SMS og e-post i tillegg til styremøta.

Medlemsbrev

Det er sendt ut 4 medlemsbrev på e-post. Medlemsinformasjon etter årsmøtet, innkreving av kontingent og 2 skriv om turane som er arrangerte i løpet av året

Medlemsmøte

Årsmøtet

I samsvar med vedtektene vart årsmøtet halde 15.februar kl. 17.00 i Velferdsentralen. Redaktør og dagleg leiar i "Hordaland", Ingvil Aaen Torpe, fortalde interessant om avisa anno 2024. Bruk av internett har auka mykje og fleire tingar berre nettavisa. Ho kunne og fortelja at familien som har eigd avisa i alle år, no hadde selt den til Amedia, eigarar av over 100 aviser. Det var informasjon om aktuelle saker frå LOP sentralt og om arbeidet vårt lokalt. Årsmøtet vart elles gjennomført i samsvar med vedtektene. Loddsal til slutt .

Haustmøtet

Møtet vart halde 21.11.2024 i Velferdsentralen. 23 frammøtte. Avdelingsleiar ved Voss Folkemuseum, Eirik Helleve, fortalde frå boka han held på å skriva om utvandringa frå Voss til USA. Svært interessant å høyra han fortelja. Han hadde mykje kunnskap om emnet og saman med gode bilete gjekk ein time svært fort. Knut Farestveit fortalde om saker som hadde vore drøfta i sentralstyret der han no møter som medlem. Leiaren sa litt om lokale saker m. a, om planane for vårturen. Det var og utlodding av blomar og fruktkorg.

Sentrale saker som vedkjem Voss og omland LOP.

LOP sentralt har utarbeidd eit organisasjonsprosjekt der ei av sakene er å få innført nytt program for medlemsregister for alle lag i LOP . Vidare nytt rekneskapssystem Voss LOP og omland sende inn sak til Sentralstyret om at nytt rekneskapssystem må verta vurdert tilliks med nytt medlemsregister. Samstundes hadde laget ei sak der LOP sentralt vart bedne om å vurdere om dei ikkje skulle inngå samarbeid med "Senteret for et aldersvennlig Norge". Det er viktig at LOP er ein organisasjon som er synleg for pensjonistane. Dei to sakene styret sende inn til Sentralstyret, kom med i sakspapira til landsmøtet.i juni.

Landsmøtet

Dette året var det arrangert landsmøte, 20. og 21. juni. 2024 på Gardermoen. Leiar Gunnvor Børsheim Lindland var vald som utsending og var til stades på møtet.. Vedtaket for dei to sakene frå Voss LOP var å senda dei over til Sentralstyret for vidare handsaming. Sentralstyret arbeider med å finna det rette medlemsregisteret for LOP. Når det er på plass, vil styret arbeida vidare med å finna eit rekneskapssystem som kan samarbeida med medlemsregisteret. Alt skal etter planen vera på plass i løpet av 2025. Den andre saka me sende inn, var oppe styremøtet 21.11.2024 der vedtaket var at Sentralstyret tek kontakt med Forsvarets seniorforbund og Senior Norge for i fellesskap fremja kandidat til rådet i eit aldersvennleg Norge. Knut Farestveit vart vald inn som vararepresentant til Sentralstyret. I ettertid har ei av styre - medlemene vorte engasjert i sekretariatet, så Knut har møtt fast i styret. Reviderte vedtekter både sentralt og lokalt var oppe som sak på landsmøtet. Lokallaga kunne koma med innspel om dei ville ha noko annleis enn framlegget. Det har Voss og omland LOP gjort. Eige skriv ligg ved. Det som er merka svart, vil me ha som tidlegare. Dette må opp på årsmøtet vårt. Godkjenner årsmøtet det, vil det og verta godkjent av Sentralstyret. Reviderte vedtekter vil gjelda frå 2026. Voss vil sjølvstendig ha vedtektene på nynorsk. Knut Farestveit har fått oppdrag med omsetjing, og har alt utført oppdraget.

Turar

Sommarturen i år gjekk til Fedje og Nordhordland 28. og 29. mai. 25 personar deltok.

Buss til ferjeleiet Sævrøy og over med ferje til Fedje. Fint ver og roleg sjø.

Stopp på Fedje Landhandleri for kaffi og Fedjebolle. Der var det og mogeleg å få kjøpt kvalkjøt.

Einar var ein dyktig sjåfør og førde oss trygt rundt på dei smale vegane på øya. Neste stopp var Trafikkstasjonen på Fedje. Kystvakta har fem slike rundt om i landet, Der fekk me informasjon om arbeidet dei gjer. Frå stasjonen såg me utover til skipsleia der sjøen låg utruleg stille denne dagen med alle holmar og skjer synlege. Vidare køyrde me til Hellisøy fyr og hadde lunsj i nærleiken.

Etter overnatting på Westland Hotell i Lindås reiste me neste dag til Sletta og Vestnorsk utvandrarmuseum. Der har dei fått sett opp ei kyrkje som kjem frå Minnesota og fleire autentiske bygningar frå Midtvesten. Siste stopp på turen var Hillesvåg Ullveveri. Ein opplevingsrik tur.

Referat i Vi i LOP nr.3 2024.

Dagstur til Strandebarm og Øystese.

Dagsturen 3.okt.starta med buss til Jon Fosse senteret i Strandebarm. 38 deltakarar.

Det er det gamle bedehuset i bygda som stiftinga har kjøpt til føremålet. Me vart godt mottekne av leiar i laget, Åse Ljones og styremedlem Svein Ove Duesund. Eine etasjen i huset er dekorert med plakatar og ulike bilete av Jon Fosse. I salen over kan ein sitja å høyra foredrag eller slik som me fekk oppleva, sjå videoar der Jon Fosse er intervjuet eller involvert på annan måte.

Der var og utsal av Fosse- bøker og ulike effektar. Så var det lunsj i Hallvardsnaustet, eit tidlegare båtbyggeri som var omgjort til serveringsstad. Triveleg hus og god mat.

Siste post på programmet var vitjing i Kunsthuset Kabuso i Øystese der me såg på utstilling av Brynhild G. Winther og samstundes innom Ingebrigt Vik museet og såg på skulpturane hans.

Turen var litt sponsa for medlemmer. Tidlegare har me nytta tildelte pengar frå den kulturelle spaserstokken til slike turar. Laget vil ikkje få tildelt slike midlar lenger, då reglane seier at det er utøvande kunstnarar som kan få tilskot, ikkje dei som høyrer på eller ser på kunst.

Referat frå turen i Vi i LOP nr.4 2024.

Økonomi

Laget har brukbar økonomi . Hjelper på at me har lokal kontingent.

Kasserar har no fått laga medlemsliste på eiga maskin etter mykje arbeid.

Kontingent.

På landmøtet i juni vert det vedteke å setja opp den sentrale kontingenten med 60.kr. Den sentrale kontingenten skal årleg justerast for auke i konsumprisindeksen. Laget har fått melding frå LOP sentralt at den vert **395kr** for 2025, Lokal kontingent ynskjer me sett til det same som tidlegare år:**100kr**. Det skal opp som sak på årsmøtet. Total kontingent for 2025 vert i så fall **495 kr**.

Kontingenten vert kravd inn lokalt i år og . Sidan det er uråd å bruka tidlegare innbetalingsgiroar, vert krav om innbetaling av kontingent sendt ut på eigen epost/brev etter årsmøtet 13.02.2025

Eldrerådet

Ragnhild Mølster Lidal er laget sin representant i Eldrerådet. Knut Farestveit er varamedlem.

Dei er valde for valperioden 2023-2027

Samarbeid med andre pensjonistlag.

Bergen og omland LOP ynskjer medlemer frå Voss velkomne på møta sine . Det gjeld og på turar dei arrangerer. Har til vanleg turar både innanlands og utanlands.

Medlemer frå Voss LOP har delteke på møte m.a. eitt der Ingvild Bryn var foredragshaldar.

Det har så langt ikkje vore samarbeid med pensjonistlaga på Voss.

Planar vidare

Styret ynskjer å halda fram arbeidet slik me har gjort.

Medlemsmøte på hausten og årsmøte i februar.


Vår/tidleg sommar tur med ei overnatting. Er det for dårleg påmelding til slike turar, må me vurderer om me skal halda fram Det er fint om medlemene kjem med innspel til kva dei ynskjer.


Event dagstur for ulike kulturopplevingar. Fint om medlemene kunne koma med synspunkt, idear.

Me vil elles engasjera oss med brev og avisinnlegg i saker som gjeld eldre/pensjonistar der me finn sakene relevante. M.a. heimlane på Voss for augne- og hudlækjar vert det viktig å fylgja med på.


Me tek meir enn gjerne i mot tips og ynskje frå medlemene til andre aktivitetar og saker som laget bør engasjera seg i.


Voss, 05.02.2025



Gunnvor Børsheim Lindland, leiar



Torunn Langmyhr Ringheim, nestleiar


Knut Farestveit, skrifvar


Terje Pedersen kasserar


Astrid Holtekjøl, styremedlem


Asle Nesheim, styremedlem


Annlaug Stalheim, styremedlem